



Informasjonsskriv mai 2025

Strukturendring Bjoa skule, Vågen oppvekstsenter, Imsland oppvekstsenter og Vikedal skule

Kommunestyrevedtak 073/24 , avbøtande tiltak (verbalpunkt)

- Kommunestyret er opptatt av ein god prosess for elevar, føresette og tilsette, slik at ein er best mogeleg førebudd når elevar vert flytta til ny skule. Den førebuande prosessen må starte i januar 2025. I tillegg til informasjonsmøte, må det vere samhandlingsmøte med FAU og elevråd, tillitsvalte og andre involverte.
- Administrasjonen må ha spesielt fokus på transport for dei yngste elevane. Kommunedirektøren blir beden om å ta kontakt med Kolumbus straks. Er det behov for å gå inn med kommunale midlar for å få til tenlege ordningar ber ein om ei sak på dette. Dette skal leggast fram for OPOM.
- Det blir ikkje gjort budsjettendringar på gymnastikkdelen av Bjoa skule eller i leigeavtalen med Imsland bygdahus i 2025. Kommunedirektøren blir bedt om å legga fram sak om etterbruk av skulane på Bjoa og i Imsland frå 2026. Saka vert lagt fram før budsjettarbeidet for 2026. Det skal gjennomførast møter med representantar for bygdene. Saka må belysa:
 - etterbruk av Bjoa skule, inkludert eventuell overføring av eigarskapen til gymnastikkbygget.
 - etterbruk av Imsland skule, eventuelt sal
 - gymsal i Imsland bygdehus, bortfall av kommunale leigeinntekter og vurdering av andre tilskot.
 - eksisterande leikeapparat og leikeplass ved skulane
 - andre avbøtande tiltak





I samband med vedtaket som Kommunestyret gjorde i desember 2024 (KS 073/24) følgjer administrasjonen opp verbalvedtaket og legg opp til ein god prosess med månadleg informasjonsskriv som omhandlar dei punkta som går på barn, elevar, føresette og tilsette. I tillegg skuleskyss og etterbruk av bygg/uteområde.

Barn/elevar	<p>Bjoa → Vågen skule Det har vore fleire tiltak for å skape gode overgangar og relasjonar mellom elevane og skulane:</p> <ul style="list-style-type: none">• 8. mai: 1.–4. klasse frå Vågen besøkte Bjoa. Dei gjekk tur til Vadhytta saman med Bjoa skule.• 20. mai: Bjoa skule besøkte Vågen og såg ei førestilling frå Den kulturelle skulesekken (DKS). Etterpå besøkte dei klassane – ei triveleg oppleving for alle.• 22. mai: FAU ved Vågen inviterte elevar og føresette frå Bjoa til eit hyggetreff. Det starta med omvising på skulen, leia av rektor. Eit tilsvarande arrangement skal haldast på Bjoa i juni. <p>Imsland → Vikedal skule Overgangen mellom Imsland og Vikedal har også vore prega av aktivitet og samvær:</p> <ul style="list-style-type: none">• 13. mai: 1.–7. klasse frå Imsland var på sitt andre besøk på Vikedal skule. Dagen var aktiv med naturfagsforsøk, leikar, klasseromsarbeid, spel og strandtur.• 23. mai: 1. klasse i Vikedal fekk besøk av barn frå Imsland barnehage og FUS Vikedal som skal starte på skulen til hausten. Dei hadde ein kjekk dag saman og blei kjende med både skulen og kvarandre.• Seinare i juni: Barneskulen i Vikedal skal besøke Imsland for eit siste treff før sommarferien – ein fin måte å utforske nærområdet og styrke fellesskapet på.• Barnehagen har vore på besøk hjå Vikedal FUS medan S-gjengen har vore på skulen i Vikedal.
Tilsette	Alle tilsette har fått tilbod om ny jobb i kommunen. Det har vore ein fin og ryddig prosess.
Skyss	Etter at Kolumbus presenterte sine ruter har kommunen jobba med ulike alternativ. Skyssen på Bjoa er no på plass med gode ruter for begge bygdene. Det vil bli sendt ut eige skriv med meir detaljar om prosessen og skysstilbodet til heimane i Imsland og på Bjoa.
Føresette	Det skal vera foreldremøte før sommaren for både Imsland/Vikedal og Bjoa/Vågen. Dette er det einingsleiar som har ansvaret for å organisera. Frå eigar si side er det er gjennomført gode og konstruktive møte med FAU Bjoa og FAU Imsland sidan sist.



Bygg/uteområde, etterbruk	Kommunedirektør skal legge fram politisk sak om etterbruk av bygningsmasse og uteområde til hausten 2025. I den forbindelse ynskjer kommunedirektør innspel til saka. Det blei arrangert møte med Bjoa Bygdeutviklingslag 08.04.2025 og Grendautvalet og Bygdahuset i Imsland 30 april 2025. Ein hadde god dialog i begge høve og kommunedirektør ser fram til samarbeid med partane. Det er avtalt oppfølgingsmøte med Bjoa Bygdeutviklingslag 17.06.2025 og ein er i dialog om ny møtedato for Grendautvalet og Bygdahuset i Imsland før sommaren.
Kontaktinformasjon	Anita Jørstad Grindheim Barnehage og skulesjef Mobil: 90 11 54 97 E-post: anita.jorstad.grindheim@vindafjord.kommune.no

Ølen 30.05.25

Anita Jørstad Grindheim
Barnehage- og skulesjef

Nils Erik Eide
Kommunalsjef Oppvekst